

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/754-1

Fv. 60, Ugla-Skarstein - Søknad om fråvik for elektriske anlegg

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Det vert gjeve fråvik frå krav om prosjektering etter ny handbok N601 Elektriske anlegg

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

Handbok N601 Elektriske anlegg

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I samband med bygging av ny tunnel på fv. 60 Ugla – Skarstein i Stryn kommune skal det etablerast elektrisk anlegg i tunnelen.

Grunnen for at saka er fremja

Det er publisert ny handbok *N601 Elektriske anlegg* som erstattar den gamle handbok N601.

Handbok N601 stiller krav til elektriske anlegg i veginfrastruktur. Normalen gjeld for nye elektriske veganlegg, og skal og leggjast til grunn ved oppgradering/rehabilitering av utstyr i eksisterande anlegg.

Det er etablert overgangsreglar. Desse går fram av brev frå Vegdirektoratet av 26.09.2017 til Statens vegvesen sine regionar. Her står det følgjande:

«Prosjekter der det foreligger godkjent reguleringsplan eller som er tatt opp til bevilgning gjennomføres etter godkjent plan basert på eksisterende regelverk før N601 ble gjort gjeldende, men krav til teknisk utrusting tilpasses den nye normalen.»

Det er likevel etablert følgjande praksis i tredje kulepunkt:

Viss prosjekteringen knyttet til teknisk utrustning er gjennomført, konkurranse igangsatt, kontrakt inngått eller arbeidene er igangsett, bør det tas en gjennomgang og avklaring på hva som er mulig innenfor prosjektets vedtatte rammer i det enkelte tilfellet. Hvis resultatet av en slik gjennomgang viser at slik tilpasning blir meget omfattende og ikke mulig å gjennomføre innenfor prosjektets vedtatte rammer, så er det forutsatt at dette blir behandlet som fravik.

2. Vurderingar og konsekvensar

Anlegget er prosjektert og bygd etter handbøker som var gjeldande på tidspunktet for prosjektering/bygging. Ny handbok N601 kom på eit tidspunkt då tunnelen var i slutfasen av bygging og nye/endra krav let seg ikkje gjennomføre utan store økonomiske og framdriftsmessige konsekvensar for prosjektet.

Konsekvensar for teknisk kvalitet

Anlegget er prosjektert og bygt etter handbøker som var gjeldande ved prosjektering. Fråviket vil såleis ha minimale konsekvensar i høve teknisk kvalitet.

Konsekvensar for tryggleik (for trafikantane):

Fråviket har positive konsekvensar for trafikantane. Å ikkje gje fråviket vil medføre større negativ konsekvens for trafikantane enn å gje fråvik då ferdigstilling av prosjektet må utsetjast og trafikantane må nytte smal og trafikkfarleg strekning lenger enn naudsynt.

Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS

Ingen

Konsekvensar for estetikk

Ingen

Konsekvensar for økonomi

Konsekvens ved å ikkje gje fråvik er stor då prosjektet er i slutfasen og vil måtte prosjekterast på nytt, og byggjefasen må utvidast for å implementere ny handbok. Alle installasjonar i tunnelen er ferdige.

Konsekvensar for framkomst (Gjeld alle køyretøy- og trafikantgrupper)

Å ikkje gje fråvik vil medføre større konsekvens for trafikantane enn å gje fråvik, då ferdigstilling av prosjektet må utsettast og trafikken må gå på smal og trafikkfarleg strekning lenger enn naudsynt.

Avbøtande tiltak

Det skal monterast ventilasjonsvakt, ein teknisk installasjon som følgjer med om det er vibrasjonar i viftene. Dersom det er vibrasjonar går det alarm til VTS. Dersom dette held fram eller vert kraftigare, vert viftene slått av..

Statens vegvesen si fråviksgruppe tilrår fråvik frå prosjektering etter ny N601 Elektriske anlegg, men føreset at ventilasjonsvakt vert ettermontert. Dette fordi prosjektering er gjennomført etter gamal handbok og ny prosjektering vil føre til betydelege konsekvensar med omsyn til kostnads- og tidsramma.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen sluttar seg til Statens vegvesen si tilråding om fråvik frå prosjektering etter ny handbok. Dette er i samsvar med Statens vegvesen si fråviksgruppe si tilråding. Dette på bakgrunn av konsekvensar for kostnads- og tidsramma til prosjektet.